

**Møte torsdag den 28. februar kl. 19.40**

President: L o d v e S o l h o l m

D a g s o r d e n (nr. 4):

1. Referat
2. Odelstingets vedtak til lov om notarius publicus  
(Besl. O. nr. 35 (2001-2002), jf. Innst. O. nr. 29 (2001-2002) og Ot.prp. nr. 23 (2001-2002))
3. Odelstingets vedtak til lov om endring i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven)  
(Besl. O. nr. 36 (2001-2002), jf. Innst. O. nr. 26 (2001-2002) og Ot.prp. nr. 32 (2001-2002))
4. Odelstingets vedtak til lov om endringar i lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere mv.  
(Besl. O. nr. 37 (2001-2002), jf. Innst. O. nr. 28 (2001-2002), Ot.prp. nr. 10 (2001-2002) og Ot.prp. nr. 99 (2000-2001))

S a k n r . 1

*Referat*

(5) Stortingets presidentskap melder at den innkalla vararepresentanten for Oppland fylke, Hans Seierstad, er innvald i Lagtinget for den tida han møter for representanten Inger S. Enger.

Samr.: Vert lagd ved protokollen.

S a k n r . 2

*Odelstingets vedtak til lov om notarius publicus*  
(Besl. O. nr. 35 (2001-2002), jf. Innst. O. nr. 29 (2001-2002) og Ot.prp. nr. 23 (2001-2002))

**Presidenten:** Ingen har bede om ordet.

Vedtaket i Odelstinget er dermed godteke av Lagtinget, og lovvedtaket blir å sende Kongen i samsvar med Grunnlova.

S a k n r . 3

*Odelstingets vedtak til lov om endring i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven)* (Besl. O. nr. 36 (2001-2002), jf. Innst. O. nr. 26 (2001-2002) og Ot.prp. nr. 32 (2001-2002))

**Presidenten:** Ingen har bede om ordet.

Vedtaket i Odelstinget er dermed godteke av Lagtinget, og lovvedtaket blir å sende Kongen i samsvar med Grunnlova.

S a k n r . 4

*Odelstingets vedtak til lov om endringar i lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere mv.* (Besl. O. nr. 37 (2001-2002), jf. Innst. O. nr. 28 (2001-2002), Ot.prp. nr. 10 (2001-2002) og Ot.prp. nr. 99 (2000-2001))

**Per Ove Width (FrP):** På vegne av Fremskriftspartiet vil jeg fremsette følgende forslag:

«Odelstingets vedtak bifalles ikke.

Lagtingets anmerkning:

§ 1 andre ledd antas å burde lyde:

«Ordningen med pensjonstrygd for fiskere er frivilig.»»

**Presidenten:** Per Ove Width har sett fram det framlegget han refererte.

Fleire har ikkje bede om ordet til sak nr. 4.

V o t e r i n g :

Framleggget frå Framstegspartiet vart med 21 mot 4 røyster ikkje vedteke.

**Presidenten:** Vedtaket i Odelstinget er dermed godteke av Lagtinget, og lovvedtaket blir å sende Kongen i samsvar med Grunnlova.

Møtet slutt kl. 19.45.

---